



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Aukra kommune  
Aukraringen 25  
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/501	22.06.2018	75025/2018/REGULERINGSPLAN/1547	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	10.07.2018

## **Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsendring for Ormen Lange Nyhamna - ÅF Solid Consult AS - trekking av motsegn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Automatisk freda og nyare tids kulturminne**

Vi fremja ved offentleg ettersyn motsegn til planforslaget grunna manglande eintydigheit, når det framstilling av omsynssoner med tilhøyrande føresegner. I tillegg mangla tilstrekkeleg kartfesting av og føresegner for freda kulturminne med omsynssoner. Ved ein gjennomgang av plandokumenta, revidert 28.05.2018 og oversendt 22.06.2018, finn vi at dette no er innarbeida. Føresegnene er midlertidig ikkje rydda opp i. Føresegnene som gjeld utgraving av automatisk freda kulturminne er utdatert, og må oppdaterast til å vere i tråd med dagens situasjon.

Vi bad og om at den gamle kvalstasjonen i Nyhamna blei regulert til «Vern av kulturmiljø eller kulturminne» og at det blei gitt konkrete føresegner som kunne sikre dette kulturminnet. Ved ein gjennomgang av plandokumenta, revidert 28.05.2018 og oversendt 22.06.2018, finn vi at dette også er innarbeida. Kvalstasjonen er midlertidig markert med feil type skravur (skravur for støysone). Vi ber om at dette blir endra til omsynssone/bevaring av kulturmiljø.

### **KONKLUSJON**

- Vi viser til plandokument revidert 28.05.2018, oversendt 22.06.2018, og trekk motsegna vi fremja ved offentleg ettersyn, i brev datert 15.12.2017.
- Føresetnaden for trekking av motsegn er at kvalstasjonen får omsynssone/bevaring av kulturmiljø og at føresegnene som gjeld automatisk freda kulturminne blir revidert til å vere i samsvar med dagens situasjon.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

Fagsaksbehandler:

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Torill Einara Nerbøvik, tlf. 71 28 03 30  
Kulturminne frå nyare tid: Bygningsantikvar Christ Allan Sylthe, tlf. 71 28 03 32

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal